



Foto: Sven Lie

HEILE ROANMASSIVET er dominert av sure og harde bergarter, mest kvartshaldig gneis. Fjellet Stor-Roan er eit typisk isskurt fjell, med ei slak støytside og ei bratt leside. Då innlandsisen smelta av, trykte han på underlaget frå nordleg kant mot sør. Hovudretningen kan vi sjå på støytsida, der botnen av dei veldige ismassene avsette sigdforma støytmerke og skuringsstriper. På lesida har issprengning brote laus steinblokkar som ligg i ur under den bratte fjellveggen. Det som gjer dette fjellområdet heilt unikt er at vi ved sida av Stor-Roan har eit mindre fjell, Vesle Roan, som ligg parallelt og har tilsvarande form. Den bratte fjellveggen søraust på Stor-Roan har ei fallhøgde på om lag 250 meter. Gå ikkje for nær utpå stupet! Kjelde: Vandruter i Fyresdal, Øyvind Skar

KVA KAN DU SJÅ PÅ TUREN?

I EI LINJE frå fjellbarskog til fjellbjørkeskog og snau fjell delar fuglane *orrugl*, *lirype* og *fjellrype* områda seg imellom.

Foto: Wikipedia



Foto: Gunhild Mørnæk

HEIANE SOM INSPIRASJONSKJELDE Dei som budde fast i heiane, eller arbeidde der i delar av året, fekk inspirasjon til song, stev, soger, spel og dans. Ungdommen kunne samle seg inne på heiane, og i Fyresdal var det fleire slike samlingsstader. Petter Veum var ein kjend hardingfelespelemann. Han var og driftekar og handla med krøter frå Setesdal, og hadde alltid fela under vesten. Når folk møttest på stølane, marknad, eller i bryllaup var spelet eit viktig kontaktledd. Gjetarane og buideiene lokka på kyrne og ofte hadde dei evna til å brodere ut lokaane til musikalske perler. Fløyte og bukkehorn var dei mest vanlege instrumenta. Bukkehornet skulle og skræme rovdyr.

Kjelde: Hjøringlokk og bjølljod. Stølsbruket i Fyresdal. Sørnorsk Økosenter Foldsø AS Finn Audun Grøndal



www.vandretelemark.no

www.fyresdal.no

Ansvarleg utgjevar er VTNU AS og Fyresdal kommune med støtte frå



Layout: Nina Akersveen / Trykk: Erik Tørriche Nilssen AS

PÅ TOPPANE der snøen blæser, overlever tørkesterke artar som greplyng, rabbesiv og lavartar. Foto: Gunhild Mørnæk



FINNSKJEGG (museøre) er ein liten vierart, rekna for verdens minste "tre".

Foto: Gunhild Mørnæk



Fyresdal – Telemark

TURMÅL **Roan**

TEMA **Topptur**



Foto: Gunhild Mørnæk

VILLREINOMRÅDE: Reinen i Våmur-Roan stammar frå Setesdal-Austhei. Er du heldig kan du møte ein flokk av desse grasiøse dyra.

Foto: Gunhild Mørnæk



Om turen

KREJVJANDE TUR med flott utsikt frå toppen. Stor-Roan er Fyresdals nest høgste fjell (1191moh). I godvær kan ein frå toppen sjå store delar av fjellheimen i Telemark. Frå Bykleheiane og Haukeli i nordvest, kan ein ta blikket gli langs søre delen av Hardangervidda mot Gaustatoppen (1883 moh.), og vidare austetter mot Lifjell og nære fjellområde. Frå toppen er det bare om lag 15 km i luftlinje til Lårdal, ned mot Bandak (72 moh).

DU STARTAR med kryssing av elva og vandring i furuskog, vidare gjennom fjellbjørkeskog og opp mot snau fjellet, med ei total stigning på 590 meter. Turen er merka med blått. Jamn stigning, bratt mot toppen. Same stigen ned att.

Køreforklaring

Start i Hauggrend, eller følg Fv. 355 frå Fyresdal sentrum ca 18 km mot Hauggrend.

0,6 Foldsæ

0,6 Roan

0,3 Grendehus

BETALINGSBOM

Ta av Fv. 355 ved skilt mot Foldsæ og Roan.
Følg skiltinga mot Roan (3,3 km).

Bomveg, hugs å ta med myntar.
Følg skilting mot Roan til parkeringsplassen.



Tilrettelagt parkeringsplass i Røyningdalen.
(GPS: N59°1830' E08°1130')

Du har sjølv ansvar for tryggleiken undervegs.
Ta omsyn til naturen og beitande dyr.
Gjer vel, ta med søppel heim. God tur!



Kart:
Fyresdal Aust
1 : 50 000

Kart: AT plan.
Kjelde: Statens kartverk,
Geovekst og kommuner

NB: Hugs drikke,
godt fottøy og vindjakke.
Høgste punkt: 1191 moh



Tilgang:
mai til oktober




Foto: Sven Lie

Foto: Gunhild Mørntræk